

# VEDTEKTER FOR BARNEHAGAR I HØYANGER KOMMUNE

## 1. LOV- OG REGELVERK

Barnehagen blir driven i samsvar med «Lov om barnehager av 17. juni 2005», sist endra 21.06.2017, med Forskrifter (Barnehagelova), gjeldande føresegner og retningsliner fastsette av kunnskapsdepartementet og kommunale vedtak.

## 2. FAGLEG OG ADMINISTRATIVT ANSVAR

Kommunalsjef for oppvekst har det overordna faglege og administrative ansvaret.

Kommunalsjefen har etter Barnehagelova § 19 a, ansvaret for spesialpedagogiske tiltak i barnehagane.

Kommunen fører tilsyn med barnehagane (Barnehagelova § 16). I kvar barnehage har styrar det faglege og administrative ansvaret medan pedagogisk leiar har det faglege ansvaret på avdelingsnivå.

## 3. FØREMÅL

Lov om barnehager § 1:

”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. ....»

## 4. INNHALD

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd, som skal gje barn høve til leik, livsutfalding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar. Barnehagen skal ta omsyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, inkludert samiske barns språk og kultur. Barnehagen skal formidle verdiar og kultur, gje rom for barn si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap. Barnehagen skal støtte barn si nyfike, kreativitet og vitebegjær og gje utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskapar og ferdigheiter. Barnehagen skal ha ein helsefremjande og ein førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosiale ulikskapar.

Lov om barnehagar § 2 :

***”Departementet fastsetter nærmere regler om barnehagens innhold og oppgaver (rammeplan) ved forskrift. Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold. Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.”***

Innhaldet er delt i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking, helse og læring (Barnehagelova § 2 og Rammeplan kap. 9).

## 5. STYRINGS- /RÅDSORGAN

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd.

(Lov om Barnehagar §§ 4 og 5. Sjå og merknader til Barnehagelova §§ 4 og 5)

Det er felles samarbeidsutval med skule i Vadheim og Bjordal.

## **6. OPPTAK**

I Høyanger kommune er det samordna opptak som omfattar alle barnehagane i kommunen. Høyanger kommune har innført elektronisk søknadsskjema og handsaming av søknadane skjer i eiga web-løysing.

Det er eitt hovudopptak på våren kvart år. Søknadsfrist for hovudopptak er 15. mars. Fristar og rutinar blir kunngjort gjennom oppslag, annonse og internett. Tildeling av plassar ved hovudopptak blir gjort innan 30. april. Avslag på plass blir sendt ut seinast 1.mai. Nye søkjarar som kjem inn etter fristen for hovudopptak, blir registrerte på søkarliste etter avslutta hovudopptak.

Etter at hovudopptak er avslutta har vi kontinuerleg opptak, og nye søknader blir registrerte og handsama fortløpande. Kommunen fylgjer nasjonale retningsliner for opptak.

Av omsyn til barnegruppa si samansetjing, prioritering av søsken og fordeling av barn med spesielle behov, kan opptaksmynde gjennom det samordna opptaket utvise skjønn ved fordeling av barn mellom barnehagane.

Før barnet byrjar i barnehagen, skal foreldre/ føresette legge fram erklæring om barnet si helse (Barnehageleva §23).

### **a) Opptaksmynde**

Opptaksmynde er delegert til rådmannen.

### **b) Klage på opptak**

Formannskapet er klageorgan. Klage skal sendast tenestemråde oppvekst, [postmottak@hoyanger.kommune.no](mailto:postmottak@hoyanger.kommune.no) og følgje rutinar for forskrift om sakshandsaming ved opptak til barnehage.

### **c) Opptaksperiode**

Vi reknar eit barnehageår frå 01.08. til 31.07. året etter. Tildelt barnehageplass gjeld frå det tidspunkt som står på tildelingsbrev/ kontrakt, og plassen er bindande til den blir sagt opp skriftleg, eller ut barnehageåret det året barnet begynner på skulen.

### **d) Prioritering ved opptak**

Barnehageplass i Høyanger føreset at barnet er busett i kommunen ved oppstart. Søkjarar frå andre kommunar kan bli tildelt plass dersom det er ledige plassar. Desse må søke på nytt kvart barnehageår.

Følgjande grupper er prioritert ved opptak:

- 1: Barn som etter sakkunnig vurdering har førerrett grunna nedsett funksjonsevne
- 2: Barn med vedtak etter lov om barnevernstenester §§4-12 og 4-4 (2.) og (4.)
- 3: Barn med særleg behov for barnehageplass grunna sosiale, helsemessige eller andre spesielle forhold i heimen.
- 4: Barn frå flyktning-familiar og barn frå familiar der begge foreldra er framandspråklege/tospråklege

- 5: Barn som har plass i barnehage og ønskjer å endre opphaldstid.
- 6: Førskulebarn: Barn som skal begynne på skule innan eitt år.
- 7: Barn som flyttar frå ein krins til ein annan krins innan kommunen
- 8: Andre søkjarar

Resten av søkjarane er prioritert etter alder. Når barn er tildelt barnehageplass, vil barnet bli prioritert inn i same barnehage som søsken.

Ved søknad om opptak etter prioritert kriterium skal det leggst ved dokumentasjon av nyare dato frå sakkunnig instans som barnevern, helsestasjon, lækjar, PPT. I dokumentasjonen skal det gå klart fram kvifor barnet har særleg trong for barnehageplass. Dette må sendast inn til Høyanger kommune, postboks 159, 6991 Høyanger.

## **7. UTVIDA/ENDRA TILBOD**

Barn som er tildelt barnehageplass har førerett til auke av opphaldstid *når dei har begynt i barnehagen*, dersom det etter styrar si vurdering er praktisk og pedagogisk mogleg. Søknad om endring av plass skal gjerast elektronisk og tildeling av ny opphaldstid blir gjort av styrar. Ved reduksjon av plass vil dette gjelde frå den 1. eller den 15. i påfølgande månad. Dersom det er fleire søkjarar til ledig plass, blir søkjarane prioriterte etter gjeldande opptakskriterium.

Søkjarar som har barnehageplass og som ønskjer å bytte til annan barnehage, utan at grunnen er flytting mellom krinsar, må søkje på nytt og blir vurdert som ny søkjar.

## **8. OPPSEIING**

Plassen er bindande til den vert sagt opp skriftleg, eller ut barnehageåret det året barnet begynner på skulen.

Oppseiingstida er 1 månad frå den 1. eller 15. i kvar månad. Oppseiinga skal gjerast elektronisk. Det er ikkje høve til å seie opp/reducere plassen seinare enn 01.05. i barnehageåret.

Ved oppseiing etter 01.05. må foreldrebetalinga halde fram med fast månadleg beløp ut barnehageåret.

Barn som følgjer skulebuss frå Lavikdal/ Norevik/ Torvund eller Ortnevik/ Ikjefjord til høvesvis Lavik og Bjordal barnehage, kan bli fritakne for betaling frå medio juni når skulebussen innstiller. Skriftleg melding må sendast Høyanger kommune innan mai månad.

Dersom oppseiing er grunna i flytting, kan fritak for foreldrebetaling innvilgast. Andre grunnar kan etter søknad gi grunn til fritak for foreldrebetaling for delar av barnehageåret.

## **9. OPNINGSTID**

Barnehageåret følger skuleåret og vert rekna frå 01.08. til 31.07. året etter.

Barnehagane er opne alle yrkedagar (måndag – fredag) med unntak for ferieavvikling om sommaren:

Bjordal, Lavik, og Vadheim barnehagar stenger minimum tre veker.

I tillegg er barnehagen stengt 5 dagar i løpet av året for planlegging/ kurs/ kompetanseheving.

Barnehagen held stengt jule- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl 1200.

## **10. FERIE**

I løpet av barnehageåret skal alle barn ha 4 veker ferie. Ei veke blir brukt i samband med kurs- og planleggingsdagar fordelt på heile året, jfr barnehageruta.

Dei andre ferievekene blir avvikla i fellesferien – sommarstenging. Tidspunkt for fellesferie blir fastsett kvart år og skal meldast i god tid på førehand. (jf pkt 9 opningstid).

## **11. FORELDREBETALING**

Kommunestyret fastset betalingssatsar etter rådmannen si tilråding.

Betalingsatsar blir fastsette i tråd med forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.

Foreldrebetaling blir kravd i 11 månader per år. Betalingsfri månad er juli. Betaling skjer forskotsvis til økonomiavdelinga i Høyanger kommune per 20. kvar månad.

Dersom foreldrebetaling har stått til forfall etter første betalingsvarsel, blir barnet oppsagt frå plassen. Når kommunen seier opp plassen, gjeld oppseiinga straks.

Den enkelte barnehage kan kreve betaling ved sein henting av barn. Slik praksis skal vere gjort kjent for foreldra i årsplan, evt eige skriv.

Moderasjonsordning etter nasjonale retningslinjer. Det gjeld 6 %-regelen og gratis kjernetid for 4-, 5- og 6-åringar.

Det er høve til kjøp av dagplass for dei som har redusert plass og treng ekstra dagar.

## **12. PEDAGOGISK BEMANNING**

Høyanger kommune/ barnehagane skal forhalde seg til nasjonal norm for bemanning til ei kvar tid.

## **13. AREAL**

Leike- og opphaldsarealet per barn skal vere 4 m<sup>2</sup> inne og minst dobbelt så stort ute.

Uteleikeplassen skal vere spesielt tilrettelagt for dei ulike aldersgruppene i barnehagane.

For barn under 3 år er leike og opphaldsarealet 5,3 m<sup>2</sup> per barn.